

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/3628-88

## **Handlingsplan 2019 - Regional plan for kultur**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1 Handlingsplan 2019 til Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

2 Prosess for medverknad frå partnerskapen til Handlingsplan 2020 vert vedteke slik det ligg føre i saka.

### **Vedlegg:**

1. Handlingsplan 2019 – Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 – 2027.

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027
2. Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

*Kultur for alle, regional plan for kultur 2019 – 2027* vart vedteke i fylkestinget 19.10.18.

Fylkestinget vedtok 04.12.18 i sak 51/18 Handlingsprogram 2019 – 2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027. Hovudutval for næring og kultur fekk samtidig fullmakt til å vedta årlege handlingsplanar.

*Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* dannar saman med *Premiss, regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025* grunnlag for utforming av kulturpolitikken i det nye Vestland fylke. Handlingsprogramma og dei årlege handlingsplanane vil i aukande grad verte samordna når fylket er etablert og det er definert kva retning den felles kultursatsinga skal ha.

#### Handlingsplan 2019

Fylkesdirektøren legg fram ein handlingsplan som omfattar satsingar utpeika i handlingsprogrammet som fylkesdirektøren prioriterer å arbeide vidare med i 2019. Det vert skissert konkrete tiltak som skal sette i gang satsingane eller gjennomføre desse. Dette gjeld i første omgang berre tiltak Sogn og Fjordane fylkeskommune set i verk. Handlingsprogrammet 2019 – 2022 ligg til grunn for vidare arbeid med handlingsplan 2020, der nye satsingar vert prioritert.

Kultur for alle er ein regional plan der aktiviteten i kommunane og hos alle regionale kulturaktørar i fylket er med og oppfyller måla. Fylkesdirektøren legg vekt på samhandling med partnerskapen og legg fram eit framlegg til prosess for medverknad frå partnerskapen. Frå 2020 vil handlingsplanen også omfatte tiltak gjennomført av partnerskapen.

#### Prosess for medverknad handlingsplan 2020

I 2020 er Vestland fylkeskommune ein realitet. Da vil fylkeskommunen omfatte eit større geografisk område og fleire regionale institusjonar. Det regionale kulturlivet innan frivillig sektor arbeider no på ulike måtar for å tilpasse seg til Vestland fylkeskommune. Nokre organisasjonar dekkjar allereie det framtidige fylket, som Vestnorsk Jazzsenter, andre slår seg saman, som idrettskrinsane og nokre vel å framleis vere to sjølvstendige organisasjonar. Så langt fylkesdirektøren ser verkar det som kulturinstitusjonane ikkje vil slå seg saman i det nye fylket på noverande tidspunkt. Vi veit også at det vert nokre kommunesamanslåingar. Dette gjer at landskapet endrar seg. Fylkesdirektøren vurderer at det er fornuftig å forankre handlingsplan 2020 i partnerskapen i Sogn og Fjordane til tross for samanslåing frå 2020. Ein vil gå inn i Vestland med to regionale planar for kultur og tilhøyrande handlingsprogram, desse vert gradvis harmonisert. Da vil partnerskapen sine prioriteringar i Sogn og Fjordane verte viktige for politikkkutforminga i Vestland fylkeskommune.

#### Tidsplan

Juni	3 møte med partnerskapen - Kommunane - Kulturinstitusjonane - Frivillig sektor
Juni - september	Utarbeide framlegg til handlingsplan 2020
september	Høyring
19.11.19	Vedtak i HNK

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesdirektøren vurderer at framlegget til handlingsplan dekker ei brei kultursatsing i fylkeskommunen og er i tråd med intensjonane i regional plan. Tiltaka som vert skissert bidreg til utvikling av kulturlivet i Sogn og Fjordane.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Tiltak som treng finansiering vert i stor grad finansiert innanfor eksisterande budsjett. Mange tiltak krev arbeidsinnsats og lite midlar. Det vert også søkt prosjektmidlar frå statlege og nasjonale aktørar.

## **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at *Handlingsplan 2019 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019 – 2027* og framlegg til prosess for medverknad frå partnerskapen vert vedteke slik det ligg føre.